

Årdal kommune

Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 008/22 | Finansutval | 17.11.2022 |
| 115/22 | Formannskapet | 17.11.2022 |

Sakshandsamar: Geir Hansen

Arkiv:
K1-151

Arkivsaksnr.:
22/618 - 7

Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023 -2026

Saka gjeld

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert lagt fram for formannskap, for handsaming og utlegging til offentleg ettersyn i 14 dagar frå utleggingsvedtak 17. november 2022. Høyringsfrist vert 1. desember 2022 kl. 15.00.

Bakgrunn

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert lagt fram i samsvar med kommunelova kapittel 14, §14-1 til §14-5.

Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid, og det skal utarbeidast samordna og realistiske planar for eigen verksemd og økonomi, samt for lokalsamfunnet si utvikling.

For å ivareta langsiktig berekraftig kommuneøkonomi, skal finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling vedtakast.

Økonomiplan og budsjett skal settast opp i balanse og være realistisk, fullstendig og oversiktlig.

Drøfting

Grunnlaget for utarbeiding av budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er frå gjeldande økonomiplan og budsjett 2022/revidert budsjett 2022.

Sentrale føringar;

- Framlegg til statsbudsjett 2023 - kommuneopplegget
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av skatt på inntekt og formue
- KS sin prognosemodell er nytta ved berekning av rammetilskot
- Korrigerering av eigedomsskatt i samsvar med lovendingar
- Ajourføring av stillingsheimlar og lønsnivå utfrå bemanning 2022
- Lønsvekst 2023 på 4,2% i høve statsbudsjett 2023
- Kommunal deflator 2023 (samla prisvekst) 3,7% i høve statsbudsjett 2023
- Det er lagt til grunn netto råmetildeling på tenesteområda.

Råmene i økonomiplan for år 1 (2023), er tilsvarende råmene for årsbudsjett 2023. I utarbeiding av årsbudsjett for 2023 har kommunedirektøren nytta økonomiplanen som grunnlag.

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er utarbeida med følgjande profil:

- Stramt kommunebudsjett med negativ realvekst og lite handlingsrom
- Kommunen prioriterer rammer for å sikra ei ansvarleg økonomisk drift, og for å dekke opp finansieringa av nye normer og krav
- Budsjett og økonomiplan prioriterer å halde nivået på tenesteytinga innanfor lovpålagte rammer, det kan forringe nivået på tenesteytinga
- Økonomiplan rettar prioriteringane mot dei voksande brukargruppene til kommunen og fokus på driftsstruktur
- Budsjett og økonomiplan sikrar ei positiv utvikling av netto driftsresultat, dette er nødvendig for å oppnå ein berekraftig kommuneøkonomi på lang sikt
- Strategien for å stabilisera befolkningsgrunnlaget fortsetter gjennom vidareføring/inkludering av tilflyttarkontor i drift frå 2023
- Opprette årsverk for arbeid retta mot sjukefråvær og disponering av vikarar innan helse og omsorg
- Fokus på tilrettelegging av frivilligheit og idrett gjennom prosjektstillingar

Årdal kommune har vedteke (Kst-049/22) å gå i dialog med SIMAS IKS for å bli fullverdig medlem av SIMAS IKS. Forslag til avtale skal leggast fram for kommunestyret for gjennomgang og godkjenning. Dette er venta framlagd hausten 2023. Merk at budsjett 2022 er i det heile basert på eksisterande renovasjonsordning i kommunen, utan eventuelle kostnadsendringar knytt til verken vedtaket om medlemskap i SIMAS eller arbeid kring overgang til ny renovasjonsteneste måtte medføra i 2023. Avtaleforhandlingane startar november 2022 og reelle budsjettkonsekvensar av denne prosessen er ved framlegg av saka ikkje kjent. Handlingsplan for renovasjonsområdet er og sett utan framtidige tiltak i budsjettet

Befolkningsprognose

SSB befolkningsframskriving syner eit estimert folketal for Årdal kommune på 5.169 innbyggjarar pr 1. januar 2023. Utviklinga i 2. og 3. kvartal hittil i år i tillegg til ein venta auke flyktingar, tilseier at folketalet vert om lag 5.250 innbyggjarar pr 1. januar 2023. Dette vert lagt til grunn for berekning av skatt og rammetilskot i planperioden, då planverk og strategiar har ei målsetting om å oppretthalda og auke folketalet i perioden.

Befolkningsframskrivinga til SSB syner eit folketal på 5.028 innbyggjarar 1. januar 2026 og indikerer såleis kommunen sine utfordringar framover i planperioden. Men befolkningsframskrivinga syner no ein mindre markant nedgang og ein auke i prognosen for 2026 samanlikna med tidlegare framskrivingar (auke på 167 innbyggerar).

Økonomi

Finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi

Årdal kommune legg til grunn følgjande måltal for den langsiktige utviklinga av kommunen sin økonomi. Det er ikkje venta at Årdal kommune skal oppnå dei definerte måltala innanfor eit driftsår, men ha ei utvikling som sikrar at kommunen vert liggande på dette nivået (måltala) framover i tid:

- Netto driftsresultat i % av driftsinntekter: 1,75 %
- Netto lånegjeld i % av driftsinntekter: < 75 %
- Disposisjonsfond i % av driftsinntekter: > 5 %

| MÅLTAL | R2021 | B2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|-------|-------|------|-------|-------|-------|
| Netto driftsresultat i % av br. driftsinntekt | 0,2 | 0,5 | 6,1 | 2,3 | 1,4 | 1 |
| Nto. lånegjeld i % av br. driftsinntekt | 67,6 | 76,3 | 88,3 | 101,4 | 124,5 | 142,5 |
| Disposisjonsfond i % av br. driftsinntekt | 4 | 7,2 | 13,5 | 15,8 | 16,9 | 16,5 |

Budsjett 2023 og økonomiplan syner at kommunen har ei positiv utvikling knytt til netto driftsresultat og disposisjonsfond i % av driftsinntekter i planperioden. Dette skuldast mellom anna avsetning av ekstra ord. utbytte. Men kommunen har ein stor auke fram til 2026 i høve lånegjeld i % av driftsinntekter, grunna store investeringar spesielt innan omsorg og oppvekst. Lånegjeld og investeringar har ein auke i planperioden, medan driftsinntektene syner ei utflating i same periode. Dette er ei betring samanlikna med tidlegare år der kommunen hadde negativt netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt. Det er planlagt nedgang i nto. lånegjeld frå og med år 2027.

Årdal kommune vil tilstreba ytterlegare tilpassing til måltala i budsjettframlegga for dei komande åra i planperioden, for å betre den langsiktige utviklinga av kommuneøkonomien.

§5-4 Bevilgningsoversikt - drift (1A) (beløp i 1000)

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|-------------------|---------------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Rammetilskot | -172 306 | -169 772 | -167 652 | -193 634 | -197 670 | -199 237 | -199 241 |
| Inntekt- og formuesskatt | -178 047 | -176 964 | -185 502 | -185 403 | -185 403 | -185 403 | -185 403 |
| Eigedomsskatt | -61 678 | -60 681 | -63 681 | -65 228 | -59 868 | -54 508 | -54 508 |
| Andre generelle driftsinntekter | -29 503 | -27 420 | -27 420 | -29 218 | -29 218 | -29 218 | -29 218 |
| Sum generelle driftsinntekter | -441 534 | -434 837 | -444 255 | -473 484 | -472 160 | -468 367 | -468 371 |
| Korrigert sum løyvingar drift, netto | 415 267 | 406 316 | 417 034 | 425 989 | 425 255 | 422 565 | 417 255 |
| Avskrivningar | 30 813 | 26 133 | 26 133 | 27 164 | 27 164 | 27 164 | 27 164 |
| Sum netto driftsutgifter | 446 080 | 432 449 | 443 167 | 453 153 | 452 419 | 449 729 | 444 419 |
| Brutto driftsresultat | 4 547 | -2 388 | -1 088 | -20 331 | -19 741 | -18 638 | -23 952 |
| Renteinntekter | -1 440 | -1 655 | -1 655 | -2 915 | -3 015 | -3 015 | -3 015 |
| Utbytte | -3 213 | -4 500 | -24 500 | -21 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Renteutgifter | 6 673 | 5 729 | 5 729 | 16 732 | 19 801 | 22 801 | 26 701 |
| Avdrag på lån | 23 709 | 27 640 | 26 640 | 24 845 | 25 086 | 26 297 | 28 224 |
| Netto finansutgifter | 25 729 | 27 214 | 6 214 | 17 662 | 40 872 | 45 083 | 50 910 |
| Motpost avskrivningar | -30 813 | -26 134 | -26 134 | -27 164 | -27 164 | -27 164 | -27 164 |
| Netto driftsresultat | -537 | -1 308 | -21 008 | -29 833 | -6 033 | -719 | -206 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|--|-------------------|---------------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar til bundne driftsfond | 15 039 | 9 291 | 9 291 | 9 291 | 9 291 | 9 291 | 9 291 |
| Bruk av bundne driftsfond | -27 821 | -9 137 | -9 137 | -7 359 | -7 359 | -7 359 | -7 359 |
| Avsetningar til disposisjonsfond | 13 319 | 4 154 | 24 154 | 30 000 | 6 200 | 886 | 373 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | -3 000 | -3 300 | -2 100 | -2 100 | -2 100 | -2 100 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 537 | 1 308 | 21 008 | 29 832 | 6 032 | 718 | 205 |
| disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | | | | | | | |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Skatt på inntekt og formue / rammetilskot

Grunnlaget for skatt på inntekt og formue er ein positiv vekst i skatteinntekter på 5% i 2022, og ingen auke (0,0%) i 2023. Skatteveksten syner elles ein flat utvikling på tilnærma 0% vidare i planperioden.

Grunnlag for rammetilskotet er med bakgrunn i 5.250 innbyggjarar per 1. januar 2023 og utarbeida i høve KS sin prognosemodell.

Eigedomsskatt forretningseigedom

Skatt på eigedom er justert for endringane innan taksering av verk&bruk som vart gjeldande frå 2019, og justert for endringa i kompensasjon vedteke i tidlegare statsbudsjett (2021).

Årdal kommune mister inntekt på kr. 2.679.571,- årleg, totalt kr .18.756.997,- fram til og med 2025 som ei følgje av at eigedomskategorien verk&bruk forsvinn.

Frå Statsforvaltaren var kommunen opprinnelig (2019) tilkjent ein årleg kompensasjon for verk&bruk endringa på kr. 2.590.569,- årleg, totalt kr. 18.133.983 over 7 år. I framlegget for statsbudsjett 2021 vart kompensasjonen redusert frå 500 mill til 300 mill, og endringa gjev ein årleg reduksjon i kompensasjonen på kr. 403.569,- (jf. Grønt Hefte 2021 tabell C-k).

Kompensasjonen er innarbeida i innbyggartilskotet og vert utbetalt via rammetilskot. Dette er med på å gje Årdal kommune ein "feil" inntektsvekst ved framlegg av Statsbudsjettet/Grønt hefte. Ved å nytte KS sin prognosemodell for rammetilskott vert dette såleis innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Det er ikkje avklara kva som vil skje med denne kompensasjonsordninga frå og med år 2026, men det er lagt til grunn ei vidareføring av denne for 2026. Eit fråfall av kompensasjon vil gje Årdal kommune ein betydeleg økonomisk utfordring som må innarbeidast i dei komande

budsjett og økonomiplanar om ikkje rammevilkåra vert endra. Resultatet av klagesaker knytt til denne retakseringa er ikkje kjent og er ikkje innarbeida i framlegget.

Årdal kommune gjennomførte ein lovpålagt 10-års taksering av eigedomsskatt frå og med skatteåret 2022. Nivået på eigedomsskatt forretningseigedom etter 10-års taksering er innarbeidd med ei auke på 4,7 mill.kr. i talmaterialet.

Eigedomsskatt kraftanlegg

Årdal kommune har ikkje registrert endringar i kraftskatt for budsjettåret 2023, då grunnlaget ikkje er gjort kjent ved utarbeiding av budsjettsaka. Stipulert endring vert sett til kr. 0 mill. Det er såleis heft usikkerheit kring utrekningane frå Skatteetaten Storbedrift. Grunnlaget frå 2022 er innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom

Frå 2021 var det ei lovendring som set ein ny maksimumssats på 4 promille for eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedom i tillegg endringa frå 7 til 5 promille i 2020. Årdal kommune gjennomførte ein lovpålagt 10-års taksering av eigedomsskatt frå og med skatteåret 2022. Endringane i samband med lågare promillesats har medført ein reduksjon i eigedomsskatt på kr. 7 mill frå og med skatteåret 2020 trass ny 10-årstaksering frå og med 2022.

Dette er innarbeidd i talmaterialet for heile planperioden.

Avsetningar

I budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er det lagt inn avsetningar til disposisjonsfond på kr. 30 mill. i 2023. Dette er sal av konsesjonskraft og ekstraord. utbytte frå Årdal Energi. Vidare i planperioden er avsetningane knytt til utbyttepolitikk og at sal av konsesjonskraft på sikt skal avsetast 100%. Dette gjev kommunen eit netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter frå 6,1% til 1,0% i planperioden. Slutten av planperioden avviker frå 100% avsetning av konsesjonssalet, då meirkostnad knytt til aukande renteutgifter grunna investeringar vert saldert med desse inntektene i 2026.

Lønsjustering 2023

Lønsvekst for 2023 er venta å bli 4,2% og den kommunale deflatoren berekna til 3,7% i høve statsbudsjettet for 2023. Lønsveksten på 4,2% er berekna med ein 8/12-effekt på registrerte stillingar/lønsbudsjett for 2023. Det tilsvarar ein auke i lønsbudsjettet på omlag 7,5 mill kr., som er innarbeidd i talmaterialet med ein avsetning til fordeling ved endeleg lønsoppgjær 2023.

Merk at lønsoppgjæret for undervisningspersonale + pedagogisk personale i barnehagane er ikkje ferdig. Rikslønsmemnda vil avgjere tvisten i løpet av februar 2023. Lønsgrunnlaget, med utgangspunkt i løn per oktober, for denne tilsettgruppa i budsjett 2023 er difor ikkje kjent.

Pensjon 2023

Vekst i pensjonskostnadane for kommunane er venta å auke i samband med lønsveksten. KLP legg til grunn prognosar frå SSB og Norges Bank omkring lønns- og trygdeoppgjæret for 2023. Prognosane til KLP legg til grunn ei årslønnsvekst på 4,45%. Kommunen sin prognose legg til grunn KLP sin regulering i 2023 og utfrå dette vil netto pensjonskostnad ha ein auke på 4,5 mill for 2023.

§5-4 Sum bevilgningar drift, netto (1B) (beløp i 1000)

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|-------------------|---------------------------|--------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Folkevalde | 6 188 | 5 302 | 5 325 | 5 684 | 5 684 | 5 684 | 5 684 |
| Adm.leiing | 22 131 | 23 879 | 24 452 | 23 398 | 23 198 | 23 198 | 23 198 |
| Personalstab og fellesutgifter | 8 481 | 10 295 | 10 861 | 11 924 | 11 924 | 11 924 | 11 924 |
| Økonomistab | 3 232 | 3 756 | 3 827 | 3 905 | 3 905 | 3 905 | 3 905 |
| Støttestab | 2 520 | 2 605 | 2 656 | 2 941 | 2 941 | 2 941 | 2 941 |
| Utvikling | 7 271 | 9 522 | 10 256 | 11 209 | 11 209 | 11 209 | 11 209 |
| Tangen skule | 27 407 | 28 785 | 26 618 | 28 671 | 28 671 | 28 671 | 28 671 |
| Farnes skule | 40 840 | 39 544 | 42 301 | 41 899 | 41 366 | 41 366 | 41 366 |
| Barnehagar | 41 233 | 36 557 | 39 597 | 40 990 | 40 989 | 38 299 | 32 989 |
| Vaksenopplæring | 3 954 | 3 250 | 3 523 | 4 200 | 4 200 | 4 200 | 4 200 |
| Barnevern | 11 172 | 10 123 | 10 196 | 10 299 | 10 299 | 10 299 | 10 299 |
| Tildelingskontor | 2 593 | 2 240 | 2 435 | 2 621 | 2 621 | 2 621 | 2 621 |
| Pleie og omsorg | 119 397 | 98 858 | 102 811 | 105 221 | 105 221 | 105 221 | 105 221 |
| Bu- og miljøtenesta | 50 980 | 47 298 | 50 684 | 51 310 | 51 310 | 51 310 | 51 310 |
| Sosialtenester | 7 163 | 7 814 | 7 947 | 8 327 | 8 327 | 8 327 | 8 327 |
| Helse | 44 491 | 38 964 | 41 464 | 44 816 | 44 816 | 44 816 | 44 816 |
| Fritidstiltak | 2 947 | 3 312 | 3 077 | 3 114 | 3 114 | 3 114 | 3 114 |
| Kultur | 3 542 | 2 943 | 3 311 | 3 671 | 3 671 | 3 671 | 3 671 |
| Komm. Tek. forretningsdrift | -6 089 | -10 184 | -9 023 | -14 682 | -14 682 | -14 682 | -14 682 |
| Tekniske tenester | 13 742 | 14 412 | 14 540 | 14 309 | 14 309 | 14 309 | 14 309 |
| FDV - | 34 088 | 31 026 | 32 710 | 34 276 | 34 276 | 34 276 | 34 276 |
| Forvaltning/Drift/vedlikehald | | | | | | | |
| Skatt/rammetilskot/renter/avdrag | -33 578 | -11 295 | -20 145 | -19 745 | -19 745 | -19 745 | -19 745 |
| Momskompensasjon | -13 196 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum løyvingar drift, netto | 400 510 | 399 005 | 409 423 | 418 357 | 417 623 | 414 933 | 409 623 |
| Av dette: | | | | | | | |
| Avskrivinger | 6 710 | 6 097 | 6 097 | 7 128 | 7 128 | 7 128 | 7 128 |
| Motpost avskrivninger | -6 710 | -6 098 | -6 098 | -7 128 | -7 128 | -7 128 | -7 128 |
| Netto renteutgifter og -inntekter | 378 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 8 286 | 1 826 | 1 826 | 1 826 | 1 826 | 1 826 | 1 826 |
| Bruk av bundne driftsfond | -23 421 | -9 137 | -9 137 | -7 359 | -7 359 | -7 359 | -7 359 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | -300 | -2 100 | -2 100 | -2 100 | -2 100 |
| Korrigert sum løyvingar drift, netto | 415 267 | 406 316 | 417 034 | 425 989 | 425 255 | 422 565 | 417 255 |

Det er sentrale endringar og utfordringar frå 2022 og inn i nytt budsjettår og ny planperiode som gjev utslag på drifta. Dette gjeld følgjande hovedmoment;

- Lønsvekst i høve statsbudsjett 2023 på 4,2% (+ 7,5 mill)
- Pensjon 2023 (KLP/SPK), auke i nivå (+ 4,5 mill)
- Auke i finanskostnad (rentekostnad) (+7,7 mill)
- Negativ realvekst der kommunal deflator frå staten er lågare enn gjeldande konsumprisindeks (5,3% deflator 2022 / KPI 7,5% okt 2022)

Prisar, satsar og gebyr

Prisar, satsar og gebyr for kommunen sine tenester er gjennomgått ute på områda, og er korrigert med ein generell auke som varierar frå om lag 4% til 6%. Variasjonen er på grunn av ulike kostnadsbehov og tenester den enkelte pris representerar. Dette gjeld prisar og gebyr som ikkje er underlagt lovbestemte prissettingar.

Sjølvkostområdet innan vatn, avløp og renovasjon i Årdal kommune står framfor ein prisauke grunna dyrare drift av tenestene, ingen fondsmidlar og stigande rentenivå. For 2023 legg

kommunen fram ein vesentleg gebyrauke på omlag 47,7% for å tilpasse seg driftsnivå og unngå negativ utvikling av sjølvkostfond.

Nye stillingsressursar i kommunen inkludert i driftsbudsjettet for 2023:

- Administrasjon - 100% stiling Leiar Tilflyttarkontor (fast)
- Adm./Oppmåling - 60% stilling sakshandsamar (midlert.)
- Helse og omsorg - 100% stilling oppfølging sjukmelde/disponering av vikarar (fast)
- Administrasjon - 100% stilling prosjekt Frivilligsentral Årdalstangen til og med juni 2023 (midlert.)

I tillegg kjem stillingsressursar gjennom prosjekt/bruk av disposisjonsfond knytt til 100% idrettskonsulent og 100% bustadutvikling.

Tiltak/prioriteringar

Kommunedirektøren har prioritert følgjande tiltak knytt til tenesteytinga i kommunen utfrå behov og gjeldande vedtak.

Utdanning og oppvekst

- Skulane - auke barnevernsaker kr. 1,1 mill
- Skulane - auke lisensar digitale læreverk / undervisningsmateriell kr. 150'
- Skulane - auke prisar matvarer kr. 200'
- SFO - redusert brukarbetaling (12t gratis / barnetal) kr. 790'
- Barnehagane - redusert foreldrebetaling (barnehagesats redusert / barnetal) kr. 675'
- Barnehagane - auka programvarelisensar kr. 120'
- Barnehagane - auken i grunnbemanning hausten 2022 vidareført

Helse og omsorg

- Innføring av årsturnus - gjev ikkje ein direkte innsparing, men betring av planlegging og indirekte betring av drift. Evt justering av dette i revidert budsjett 2023
- Pleie og omsorg - auka prisar medisinsk forbruksmateriell, matvarer, lisensar, vaskeritenester kr. 1,2 mill
- Pleie og omsorg - auka prisa opphald kr. (- 750')
- Bu- og miljø - auke prisar tiltak kr. 400'
- Bu- og miljø - redusert refusjon ressurskrevjande brukarar kr. 400'
- Helse og omsorg - stillingsressurs for oppfølging av sjukmelde/vikarar, betring av total bemanning kr. 600'
- Helse - vikarlegar legekantor (ca. 3 legeårsverk) kr. 4 mill
- LMS - prisauke avtale kr. 1 mill

Kultur, miljø og samfunn

- Kultur/idrett - prosjekt styrking anlegg/frivilligheit innan idrett (prosjektstilling) kr. 850'. Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Bibliotek - avtale med ÅVGS går ut kr. 150'
- Bibliotek - auke prisar/kjøp av bøker kr. 100'
- Tekniske tenester - auke prisar / vedlikehald kunstgrasbane, leikeplassar, komm. veg kr. 550'
- Tekniske tenester - samarbeidsavtale med Vegvesen og fylkesvegar kr. (- 650')
- FDV - innsparing friluftsbasseng Åtg kr. (- 1 mill)
- FDV - friluftsbad, "badebuss" tiltak for barn 6-16 år kr. 50'

- FDV - auke forbruksmateriell reinhald kr. 400'
- FDV - auke straumkostnad kr. 1,5 mill
- FDV - auke husleiger / eigeidomsgebyr kr. 600'
- FDV - auke leigeinntekter (stipulert) kr. (- 1,3 mill)
- Vatn - gebyrauke sjølvkost 39%
- Avløp - gebyrauke sjølvkost 38%
- Renovasjon - gebyrauke sjølvkost (kommunal renovasjonsordning) 81%

Administrasjon og politikk

- Folkevalde - fordeling av politiske oppgåver til varaordførar, frikjøp 20% kr. 250'
- Folkevalde - prisreguleringar kontrollutval/revisjon kr. 117'
- Folkevalde - auke tilskotsmidlar kr. 240'
- Adm./personal - auke rekrutteringsstipend mht behov for barnehagekompetanse kr 77'
- Adm./personal - leiarutviklingsprogram 2023 kr. 500'
- Årdal kommune - vidareføring av tilflyttarkontor frå omdømme prosjekt (2020-2022), 100% stilling innarbeida i drift kr. 850'
- Årdal kommune - prosjekt innan bustadutvikling med kostnad på kr. 1 mill. i 2023 (omdømme). Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Årdal kommune - prosjekt frivilligsentral Årdalstangen del II ½-år, finansiert 60% med midlar frå Frivilligsentral statstilskot, status ved revidert budsjett 2023
- Årdal kommune - prosjekt nasjonalpark / oppbygging av Årdal kommune som nasjonalpark v/Stiftinga Utladalen naturhus kr. 250'. Finansiert ved inndekning via disposisjonsfond
- Årdal kommune - vidareføring bruk av næringsfondet til Visit Sognefjord, Sogn Regionråd, Veterinær kr. 1,388'
- Næringsutvikling - uendra driftsnivå Årdal Utvikling i planperioden på kr. 5,2 mil. pr år. Finansiert ved inndekning via næringsfond
- Årdal kyrkjelege fellelsråd - auke i tilskot grunna pris/løn kr. 200'
- Brannvern - auke kostnader til varslingsystem og kurs kr. 200'
- Brannvern - nivå på beredskapsavtale med Hydro Aluminium er ikkje kjend ved framlegg av budsjett per 17. november
- IKT - auke i driftsutgifter knytt til auke i lisensar/programvare (sky-basert drift) og redusert ÅLA samarbeid kr. 2 mill

Nedprioritering/innsparing

Kommunedirektøren skal avlegge budsjett 2023 og økonomiplan for 2023-2026 i balanse, og lyt gjennomføre vurdering av nedprioriteringar utfrå utvikling og endring i rammevilkår. Årdal kommune sitt budsjett 2023 er lagt fram med grunnlag i rammevilkår frå statsbudsjett 2023, der forutsetningane for vekst i prisar, lønningar og renter vert lagt til grunn. Ved utarbeidinga av budsjettet opplever kommunen store utfordringar med å handsama ein kostnadsvekst i samfunnet med noværande prisauke på mellom 6-12% inn mot 2023, opp mot nemnde grunnlag for rammetildeling frå staten der deflatoren (samla prisvekst) er sett til 3,7%. Dette gjev kommunen få muligheitlar til å legge inn reduksjon/innsparingskrav utover ordinær drift, som stettar realisme kravet i eit budsjett. Kommunedirektøren tek grep for å betre nivå og bemanningsutfordringane i helse, samtidig som kommunen lyt forhalde seg til ein teoretisk (prognostisert) negativ realvekst i inntektene. Stor prisstigning og mindre rammer er indirekte eit nedtak i seg sjølv.

§ 5-5 Bevilningsoversikt – investering (2B)

| INVESTERINGSBUDSJETT | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Total |
|--|-------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| IKT-SKULE | 1 060 000 | 1 060 000 | 1 060 000 | 1 060 000 | 4 240 000 |
| IKT-PLATTFORM UTSTYR SERVERROM | 500 000 | | | | 500 000 |
| IKT-INVESTERING TENESTEOMRÅDA | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 2 000 000 |
| SKULANE - IMPLEMENTERING NYE LÆREVERK | 950 000 | | | | 950 000 |
| IKT - DIGITALISERING BYGGESAK PLAN (ÅLS) | 500 000 | | | | 500 000 |
| IKT - MOTIMATE Digitale kurs (ÅLS) | 375 000 | | | | 375 000 |
| IKT- FELLES IK SYSTEM GDPR (ÅLS) | 375 000 | | | | 375 000 |
| IKT - Digitalisering Barnevern tjeneste (DIGI Barnevern) | 400 000 | | | | 400 000 |
| IKT - Velferdteknologi | 700 000 | | | | 700 000 |
| IKT - E-DEPONERING (Arkiv) | 700 000 | | | | 700 000 |
| OMSORG - INVESTERINGSPLAN | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 500 000 | 2 000 000 |
| UTGREIING NY SKULE OG BHG STRUKTUR (Farnes skule) | 1 000 000 | 50 000 000 | 70 000 000 | | 121 000 000 |
| PROSJEKTMIDLAR OMSORGSSENTER | 1 000 000 | | | | 1 000 000 |
| STRUKTURELLE INV. I OMSORG/OMSORGSSENTER | | 20 000 000 | 90 000 000 | 200 000 000 | 310 000 000 |
| GATELYS LED | 500 000 | 500 000 | | | 1 000 000 |
| UTSKIFTING AV BILAR OG UTSTYR | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 8 000 000 |
| LYSSETTING TURSTIAR (VASSBUGEN-LOI) | 2 400 000 | | | | 2 400 000 |
| FDV MINDRE INVESTERINGAR | 2 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 5 000 000 |
| IDRETTS OG ANLEGGSPAN (forskottering spelemildar) | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | | 3 000 000 |
| NYTT NØKKELSYSTEM ÅRDAL KOMMUNE | 2 000 000 | | | | 2 000 000 |
| REVISJON HOVEDPLAN UTRIFT | 300 000 | | | | 300 000 |
| OFREDALSTUNNELEN - SIKRING | | | 3 000 000 | | 3 000 000 |
| MALING AV BYGG | 500 000 | 1 000 000 | | | 1 500 000 |
| REHABILITERING FASASE RÅDHUSET | 500 000 | | | | 500 000 |
| LADESTASJONAR EL-BIL RÅDHUSET | 100 000 | | | | 100 000 |
| IDRETTS OG ANLEGGSPAN - Jotun stadion | 3 000 000 | | | | 3 000 000 |
| Farnes Skule ferdigstille skuleplass / merking | 170 000 | | | | 170 000 |
| Farnes Skule inventar fellesrom ung.skule | 150 000 | | | | 150 000 |
| Tangen skule inventar | 200 000 | | | | 200 000 |
| Forprosjekt Rådhus II | 500 000 | | | | 500 000 |
| Leikeplassar Bhg/Skule | 1 000 000 | | | | 1 000 000 |
| Bustader (finansiert med salg) | 1 000 000 | 1 000 000 | | | 2 000 000 |
| Årdal kyrkje | 11 125 000 | | | | 11 125 000 |
| Farnes kyrkje | | 11 100 000 | | | 11 100 000 |
| Off toalett kai Åtg - riving/nytt | 250 000 | | | | 250 000 |
| Fyrrom Rådhuset (nytt/rehab) - forprosjekt | 500 000 | | | | 500 000 |
| Ladestasjonar kommunale bygg | 100 000 | | | | 100 000 |
| Årdalshallen - bærevegg utjammingsbasseng/overløp | 1 000 000 | | | | 1 000 000 |
| Reinholdsmaskiner/utstyr | 400 000 | | | | 400 000 |
| Siking elvelaup Svalheim, må takast tidleg (2023) grunna forebygging | 1 250 000 | | | | 1 250 000 |
| 2 stk bom (kommunal veg Haug / Ofredal) | 200 000 | | | | 200 000 |
| Kranflak til Lastebil | 1 000 000 | | | | 1 000 000 |
| Robotklippar Jotun stadion | 300 000 | | | | 300 000 |
| Brøyteskjær | 300 000 | | | | 300 000 |
| Lys gangveg bak Jotun stadion | | 2 000 000 | | | 2 000 000 |
| Hovudplan/temaplan (Utdrift) | | 300 000 | | | 300 000 |
| Gravemaskin kyrkjegard mm | | 2 000 000 | | | 2 000 000 |
| Traktor | | | | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Plenklippar | | | | 600 000 | 600 000 |
| Feiemaskin | | | 1 000 000 | | 1 000 000 |
| Kantklippar (veg) | | | | 1 000 000 | 1 000 000 |
| TOTAL INVESTERING EKS VAR | 42 305 000 | 93 960 000 | 170 060 000 | 208 660 000 | 514 985 000 |
| VATN | 3 390 000 | 3 890 000 | 11 640 000 | 6 590 000 | 25 510 000 |
| AVLØP | 9 470 000 | 5 370 000 | 18 070 000 | 2 970 000 | 35 880 000 |
| RENOVASJON | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| TOTAL VAR | 12 860 000 | 9 260 000 | 29 710 000 | 9 560 000 | 61 390 000 |
| TOTALT | 55 165 000 | 103 220 000 | 199 770 000 | 218 220 000 | 576 375 000 |

Utgangspunktet for investeringane i planperioden 2023-2026 er gjeldande økonomiplan 2022-2025 og oppdaterte handlingsplanar frå FDV og VAR.

Dei framtidige investeringane kommunen legg til grunn, er i hovudsak lagt opp med hovedprioritering mot vedteken helse- og omsorgsplan der rehabilitering av sjukeheim og strukturelle investeringar innan helse og omsorg er sentralt. I planperioden 2023-2026 er dette lagt inn med ein lånefinansiert investering på 310 mill kr og bruk av eigenkapital på 60 mill kr. Stønadsordningar frå Husbanken kjem i tillegg. Pågåande prosjektarbeid kan gje endringar i finansierings oppsett.

Innanfor utdanning og oppvekst er det lagt inn lånefinansiert bygging av eit nytt felles skule- og barnehage bygg på 121 mill. kr.. Pågåande prosjektarbeid kan gje endringar i finansierings oppsett.

Årdal kyrkjelege fellestråd har meldt inn ein byggteknisk tilstand for begge kyrkjene i kommunen som er utfordrande, og ein står framfor eit omfattande investeringsbehov på både Årdal kyrkje og Farnes kyrkje. Årdal kyrkje har eit omfattande restaureringsbehov og situasjonen tilseier at den lyt prioriterast først. Kyrkja har vernestatus (byggeår 1867) og kan få tilført eksterne midlar sidan den er listeført hjå Riksantikvar, det vil bli søkt om midlar utover kommunen sin finansiering. For Farnes kyrkje er det behov for og tilrådd ny tekking av alle tak, då det i fleire år har vore utfordringar med lekkasjar i bygget og dokumenterte vassskadar. I investeringsplanen ligg det inne kr.11, 1 mill for Årdal kyrkje i 2023 og kr. 11,1 mill for Farnes kyrkje i 2024.

Idretts- og anleggsplan for Årdal kommune er revidert i 2022. I investeringsbudsjettet er det sett av kr. 1 mill. til sikringstiltak i Årdalshallen og kr. 3 mill. til Jotun stadion. Framtidige investeringar knytt til idretts- og anleggsplan er ikkje prioritert dei neste 4 åra. Med den økonomiske stoda og behovet for investeringar i Årdal kommune, må ein i framtida gjere rekning med at idrettslaga som brukar dei ulike anlegga vert med i finansieringa av rehabilitering og nybygging av idrettsanlegg.

Investeringar på teknisk, plan og miljø:

Ved avdeling Utedrift har ein inngått kontrakt med Presis vegdrift om brøyting av «dalane» der det er Fylkeskommunal veg. Det er da behov for å kjøpa noko utstyr. Det er og satt opp innkjøp av robotklyppar på Jotun stadion. Det er i tillegg satt opp ein post på sikring (plastring) av elvelaup på Svalheim da vi har utfordringar der med at elva grev seg utover på sidene.

I avdeling FDV er det lagt inn ei investering på «leikeplassar skule og barnehage» som er ny. Dette med bakgrunn i at det er fjerne leikeapparat i både Einerhaugen barnehage og Årdalstangen barnehage som må erstattast.

Ein ny post er midlar til ny «bærevegg i Årdalshallen i utjamningsbassenget på symjebassenget». Det ligg ein tilstandsrapport frå 2020 som underbygger dette, og det er satt inn ei midlertidig støtte der. Rapporten konkluderar med at det må byggast vegg i 2023.

Mindre investeringar er auka med 1 million til 2 millionar. Det er mange «mindre» vedlikehaldsoppgåver som ligger på vent. Der har FDV ei eiga tiltaksliste å gå etter.

Reinhald har i dag ikkje godt nok utstyr som er ein føresetnad for å reingjera og vedlikehalda bygga i Årdal kommune. Det er lagt inn ein post med dette i økonomiplan.

I framlegg til investeringsbudsjett inngår det ikkje noko investeringar knytt til handlingsplanar for renovasjon, då renovasjonsordninga er under endring.

I tillegg vert uferdige prosjekt med bevilgning i 2022 overført til 2023, jf. sak om budsjettendringar investeringsbudsjett 2022 som vert fremja som eigen sak i formannskap.

Tilråding:

1. Driftsråmene vert vedtekne med netto utgift per ansvar slik det kjem fram i budsjettskjema §5-4 Sum bevilningar drift, netto.
2. Investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke slik det kjem fram i invsteringsoversynet i saka, jmf §5-5 Bevilingsoversikt investering.
3. Skattemarginen:
Marginen/kommunal skatteøyre vert fastsett til 11,15%. Forskotskatt og forskotstrekk for 2023 på personlegeskatteytarar vert skrive ut etter høgste satsane som Stortinget har vedteke for inntekt og formue.
4. Kommunale avgifter, satsar og prisar:
Prisane vert endra frå 01.01.23, slik det går fram av prislista som ligg som vedlegg til denne saka.
Termininnbetaling på offentlege skattar og avgifter:
Kommunale avgifter (vatn,kloakk,renovasjon og feiing) og eigedomsskatt skal betalast i 4 terminar, med forfall: 15.februar, 15.mai, 15. august og 15. november.
5. Husleigenivå:
Husleigene i kommunale utleigebustadar vert justert frå 01.01.23.
6. Disposisjonsfondet: Det vert nytta kr 2.100.000,- av disposisjonsfondet til følgjande overføringar; prosjekt anlegg/frivilligheit idrett kr 850.000,- / prosjekt omdømme bustad kr. 1.000.000,- / prosjekt nasjonalpark kr. 250.000,-
7. Næringsfondet:
Det vert nytta kr. 6.588.000,- av næringsfondet til fylgjande overføringar:

| | |
|------------------|-----------------|
| Visit Sognefjord | Kr 340.000,- |
| Sogn Regionråd | Kr 948.000,- |
| Veterinærtenesta | Kr. 100.000,- |
| Årdal Utvikling | Kr. 5.200.000,- |
8. Eigedomsskatt:
 - a. Årdal kommune skriv ut eigedomsskatt med heimel i paragraf 3 a i lov om eigedomsskatt, dvs. alle faste eigedommar.
 - b. Skattesatsen er 7 promille av skattetakstgrunnlaget. For bustader og fritidseigedomar er skattesatsen 4 promille av skattetakstgrunnlaget gjeldande frå 2021. Jf. esktl. §11 første ledd
 - c. For eigendomsskatteåret 2023 skal det også skrivast ut eigendomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til eiendomsskatteloven §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 være lik 6/7 av differansen mellom eiendomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaket av nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjoner ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseiendom.

Bruk av overgangsbestemmelsen innebærer at kommunen innan utskrivingsfristen, dvs. 1. mars 2019, må ha fastsatt nye eiendomsskattegrunnlag for alle verk og bruk som blir næringseiendom for å kunne beregne det særskilte grunnlaget som skal trappes ned. Ved denne retakseringen skal takstgrunnlaget kun omfatte tomt, bygg

og maskiner som tjener bygget eller eiendommen. I tillegg skal taksten være fastsatt etter den nye verdsettelsesregelen i esktl. § § 8 A - 2 første ledd: «Verdet av eiegenomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eiegenomen etter si innretning, brukseiegenkap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal. Verdet av næringsiegenom skal setjast til teknisk verde når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.»

d. For eiendomsskatteåret 2023 skal det vidare skrivast ut eiendomsskatt på bygninger og grunnareal for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringsiegenom, så langt disse var omfatta av eiendomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eiendomsskatteoven §§ 3 og 4 andre ledd.»

e. Eiegenomsskatten skal betalast i 4 terminar med forfall: 15.februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

f. Ved taksering og utskrivning av eiegenomsskatt nyttar Årdal kommune tidlegare vedtekne skattevedtekter.

g. Fritak for eiegenomsskatt

Fritak for eiegenomsskatt for skatteåret vert annonsert og objekteigarane må søka om fritak for skatteåret 2023 (Jf. Lov om eiegenomsskatt).

9. Årdal kyrkjelege fellesråd:

Overføringen til Årdal kyrkjelege fellesråd vert fastsett til kr. 5.100.000,- for 2023.

10. Låneopptak:

Finansieringa av investeringane i 2023 i samsvar med investeringsbudsjettet, vert dekkja inn med låneopptak. Låneopptaket kjem fram i budsjettskjema §5-5 Bevilningsoversikt – investering (2A).

11. Eigenkapitalinnskot KLP/bruk av premiefond:

Eigenkapitalinnskotet til KLP på omlag kr. 2.000.000,- vert finansiert med bruk av ubunde kapitalfond. Ein eventuell rest på premiefond i KLP skal nyttast til betaling av pensjonskostnadane i 2023.

Vedtak formannskap 17.11.2022

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert lagt fram for formannskap, for handsaming og utlegging til offentleg ettersyn i 14 dagar frå utleggingsvedtak 17. november 2022.

Høringsfrist vert 1. desember 2022 kl. 15.00.